

Sula kommune



Kommunedirektøren si årsmelding

2020

Innhold

Om årsmeldinga:.....	2
Om rekneskapen:	2
Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling.....	2
Resultat:	2
Gjeld:	3
Finansielle måltall:	4
Likestilling og diskriminering	5
Tiltak for å sikre betryggende kontroll og høg etisk standard i kommunen.	6
Rekneskapsanalyse	7
Driftsrekneskap for 2020	7
Sentraladministrasjonen	9
Oppvekst.....	10
Helse og sosial.....	12
Kommunalteknikk og eigedom	14
Vann, avløp og renovasjon (VAR)	14
Plan bygg og oppmåling (PBO).....	15
Inntekter og utgifter i driftsrekneskapet for 2020	15
Investeringsrekneskap for 2020	18
Balanserekneskapen.....	20
Økonomisk effekt av koronapademi i 2020	21

Om årsmeldinga:

Årsrekneskap og årsmelding er avlagt etter Kommunelova og Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Etter kommunelova § 14-7 skal kommuner utarbeide årsmelding og den skal avgis seinast 31. mars. § 14-7 inneheld ei punktvis oversikt over det som årsmeldinga skal omtale.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Det er i eit kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbyggjarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggjarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling


Resultat:

Driftsrekneskapet for 2020 viser eit negativt netto driftsresultat på 3,8 mill kroner. Dette er 8,5 mill kroner betre enn budsjettert. Budsjettavviket kjem i hovudsak av at:

- Lønnsoppgjøret for 2020 blei ca 8 mill kroner lavere enn budsjettert.
- Resultat for Helse og Sosial blei ca 8 mill kroner dårlegare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak nye og dyre tiltak for «ressurskrevjande brukerar», samt ekstrautgifter knytt til koronapademien.
- Frie inntekter blei ca 5 mill kroner betre enn budsjettert. Dette skuldast ekstrabevilgningar utbetalt over rammetilskotet knytt til koronapademien.
- Andre statstilskot blei ca 3 mill kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at tilskot for ressurskrevjande brukerar innan helse og omsorg blei høgare enn budsjettert.
- Arbeidsgiveravgifta blei redusert med 4% i mai og juni (koronatiltak frå staten). Dette utgjorde ei innsparing på ca 3 mill kroner.
- Renteinntekter og avkastning frå finansielle plasseringar blei 2,5 mill kroner betre enn budsjettert.
- Rente- og avdragsutgifter blei 4,5 mill kroner høgare enn budsjettert.

Budsjettavvika er forklart i meir detalj i kapitlet «Regnskapsanalyse»

Grafen nedanfor viser netto driftsresultat for dei fire føregåande åra, samt det som ligg budsjettert dei fire neste åra i økonomiplanperioden.




TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. I økonomiplanperioden 2021-2024 er prosentsatsen kvart år negativ.

Ein viktig årsak til at driftsresultatet til Sula kommune har blitt dårlegare dei siste åra er auka låneopptak. Dette kjem fram av grafen nedanfor. Lån påverkar driftsresultatet i form av renter og avdrag.

Gjeld:

Sjølv om Sula kommune i alle år berre har gjort nøkterne investeringar i nødvendig infrastruktur så begynner lånegjelda no å tyngje. Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover.



Finansielle måltall:

Indikatorane under er foreslått av KS og er ei vidarutvikling av indikatorar foreslått av riksrevisjonen. Ved berekningane er netto driftsresultat korrigert for bundne fondsavsetningar. Disposisjonsfondet er korrigert for regnskapsmessig meir-/mindreforbruk og netto lånegjeld er korrigert for utlån og ubrukte lånemidlar.

Indikator	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat	< 0	< 1	< 2	> 2
Disposisjonsfond	< 2	< 5	< 8	> 8
Netto lånegjeld	> 85	> 75	< 65	< 65

Kommunestyre vedtok i møte den 17.12.2020 (sak 142/20) følgende finansielle måltall for Sula kommune:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- *Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.*
- *Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.*
- *Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035*

Tabellen nedanfor viser indikatorane for Sula kommune i perioden 2015 -2020:

Sula kommune 2015 - 2020	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat 2020	-0,5 %			
Disposisjonsfond 2020				12,7 %
Netto lånegjeld 2020	116,5 %			
Netto driftsresultat 2019		0,7 %		
Disposisjonsfond 2019				11,2 %
Netto lånegjeld 2019	118,8 %			
Netto driftsresultat 2018	-1,3 %			
Disposisjonsfond 2018				11,8 %
Netto lånegjeld 2018	123,4 %			
Netto driftsresultat 2017			1,3 %	
Disposisjonsfond 2017				12,3 %
Netto lånegjeld 2017	117,4 %			
Netto driftsresultat 2016				3,3 %
Disposisjonsfond 2016				12,8 %
Netto lånegjeld 2016	110,4 %			
Netto driftsresultat 2015				2,4 %
Disposisjonsfond 2015				11,7 %
Netto lånegjeld 2015	104,7 %			

Netto driftsresultat: Anbefalt prosent frå TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) er på 1,75%. Sula kommune var over dette normtalet i 2015 og 2016. I 2017 var det også eit greitt netto driftsresultat sjølv om det var under måлтаlet. I 2018 vart prosenten negativ med 1,3 %, og i 2019 positiv med 0,7%. I den vedtekne økonomiplanen er det negativt netto driftsresultat i kvart år for perioden 2021-2024.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot og er meint som ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er foreløpig bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. Om lag 40 % av disposisjonsfondet er budsjettert brukt i økonomiplanperioden.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014 og gjeldsgraden vil auke sterkt i økonomiplanperioden m.a. på grunn av bygging av ny skule.

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 14-7 seier følgjande: *Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for kva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26*

Av tiltak som er sett i verk frå kommunen kan det nemnast:

- *Likestilling mellom kjønna*
Harmonisering av løn er kome langt etter ein grundig gjennomgang for nokre år tilbake. Likestilling/likeløn gjennom ein konsekvent personal- og lønspolitikk er eit mål for kommunen, jf Lønspolitisk dokument: Sula kommune skal arbeide for at lønsnivået for kvinnedominerte og mannsdominerte stillingskategoriar i same utdanningsgruppe blir like høgt.
Ved kunngjering av ledige stillingar vert underrepresentert kjønn oppmoda om å søkje der det er aktuelt.
- *Likestilling pga. etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn*
Eitt av hovudmåla i kommuneplanen er å etablere eit harmonisk mangfald ved inkludering av fleirkulturelle folkegrupper. Eit tiltak er kommunens barnehagar som via NAV-systemet har tatt inn personar i arbeidstrening - fordi dei treng språktrening/opplæring.
- *Likestilling uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne*
Krav om universell utforming ved oppføring av kommunale bygg.

Figur: Kvinneandel i leiarstillingar og i kommunestyret

Kvinneandel i Sula kommune (org)	2020	2019	2018	2017	2016
Leiande stillingar	60,00%	68,00 %	65,00 %	65,00 %	69,00 %
Kvinneandel i kommunestyret	44,80%	44,80 %	37,90 %	37,90 %	37,90 %

Heiltidskultur, deltidstilsette og ufrivillig deltid.

Sula kommune søker å etablere ein heiltidskultur. Sula har ein kvinneandel på 81 % kvinner. Av desse er over halvparten i deltidsstillingar. Det blir arbeidd kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette. Ei av utfordringane er at mange ønskjer deltidsarbeide. Det er derfor laga eigne system for å fange opp ønske om utviding av stillingsprosent. I tillegg til at den enkelte leiar vurderer eigne stillingsressursar og løysingar innafor eige ansvarsområde, er det iverksett ulike prosjekt og tiltak som går på tvers av fagområda.

Kommunestyret hadde oppe eiga sak om etablering av heiltidskultur innan pleie- og omsorg i 2019 og det var planlagt at ein skulle arbeide vidare med dette i 2020. Ein fekk starta dette arbeidet blant anna ved å gjere seg kjent med korleis enkelte kommunar forsøker å løyse utfordringane. Pandemien har sett dette arbeidet litt på vent. Elles vert det arbeidd med heiltidskultur i einingane via dei interne rutinene i samband med ledige stillingar osv.

Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.

Etter at landet stengte ned som følge av koronaepidemien i mars 2020, har verksemda i Sula kommune vore prega av å kunne handtere pandemiutfordringa på best mulig måte. Vi har likevel klart å oppretthalde dei kommunale tenestene på ein god måte. Vi har tidvis sett i verk justerte opplegg rundt barnehagar, skular og helseinstitusjonar. Digital samhandling er også nytta som aldri tidlegare.

Kommunen har eit avvikssystem og system for varslings.

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart vedtatt i kommunestyret 03.05.18. Retningslinjene er revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Vi har innført nye rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtalar. Det er også laga eigne rutinar for kontroll av arbeidsvilkåra til våre leverandørar. Ny strategi for anskaffingar er under utarbeiding.

Finansreglement vart revidert 18.10.18 og vi har tertialvise finansrapporteringar, reglementet skal reviderast på nytt i 2021.

Økonomireglementet er revidert og oppdatert i forhold til økonomibestemmelsane i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Økonomireglementet er vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Vi har no ei tettare og betre oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad av kommunalsjefar og einingsleiarar. I tillegg vert ei grundigare analyse gjennomført i tilknytning til tertial rapporteringane. Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær. Meir opplæring og utarbeiding av standard rapportar til budsjettkontroll har også bidratt til å gjere oppfølginga betre.

Rekneskapsanalyse

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsmeldinga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kummunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjetterrammer for både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjetterramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at sektorane skal halde seg innanfor si budsjetterramme.

Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettert. I tillegg ein premiss knytt til gjennomføring av investeringsprosjekta sett opp mot totalt bevilga beløp til investering.

I kapitlet «Driftsrekneskap for 2020» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitlet «Investeringsrekneskap for 2020» blir budsjettavvika kommentert per sektor. Budsjettavvika kjem av at gjennomføring av investeringsprosjekta har blitt forsinka eller utsatt. Investeringsprosjekta som utgjer dei største avvika blir spesifisert.

Driftsrekneskap for 2020

Driftsrekneskapet for 2020 er avlagt i balanse. Det vil sei at resultat av inntekter, utgifter og interne finanstransaksjoner (bruk av og avsetning til fond, samt overføring til kapitalrekneskapet) er null.

Netto driftsresultat i 2020 er negativt med 3,8 mill kroner. Dette er 8,5 mill kroner betre enn budsjettert.

Forskjellen mellom avlagt regnskap i balanse og netto driftsresultat er dei interne finanstransaksjonane. I tidlegare år har rekneskapet blitt avlagt med mindreforbruk dersom resultatet har blitt betre enn budsjettert. Slik er det ikkje lenger i ny kommunelov og regnskapsforskrift. Dersom driftsrekneskapet no viser eit mindreforbruk så skal mindreforbruket reduserast ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom rekneskapet fortsatt viser eit mindreforbruk skal dette avsettast til disposisjonsfond. Dette framgår av regnskapsforskrifta § 4-3. Når netto driftsresultat i 2020 er betre enn budsjettert betyr altså dette at bruk av disposisjonsfond har blitt mindre enn budsjettert.

Det er mange forklaringar på kvifor netto driftsresultat for 2020 blei 8,5 mill kroner betre enn budsjettert. Budsjettavvika for kvar sektor og eining er forklart i detalj i dei påfølgjande sidene.

Budsjettavvikat kan i hovudsak forklarst med følgjande:

Forklaring på budsjettavvik	Mill
Lønnsoppgjøret for 2020 blei ca 8 mill kroner lavere enn budsjettert	-8,0
Resultatet til Helse og Sosial blei totalt sett ca 8 mill kroner dårlegare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak nye og dyre tiltak for "ressurskrevjande brukerar", samt ekstraavgifter knytt til koronapademien.	8,0
Frie inntekter (rammetilskot, skatteinntekter og inntektsutjavnning) blei totalt sett ca 5 mill kroner betre enn budsjettert. Både skatteinntekter og inntektsutjavnning blei lavere enn budsjettert men rammetilskotet blei høgare enn budsjettert grunna ekstrabevilgningar på totalt 13,5 mill kroner knytt til koronapademien.	-5,0
Andre statstilskot (ressurskrevjande brukerar, flykntingstilskot, rente- og avdragskompensasjon) er totalt sett ca 3 mill kroner høgare enn budsjettert.	-3,0
Arbeidsgiveravgifta blei redusert med 4% i mai og juni (koronatiltak frå staten). Dette utgjorde ei innsparing på ca 3 mill kroner.	-3,0
Renteinntekter og avkastning frå finansielle plasseringar var 2,5 mill betre enn budsjettert	-2,5
Rente og avdragsavgifter blei 4,5 mill kroner høgare enn budsjettert	4,5
SUM	-9,0

Nedanfor vil vi oppsummere dei største budsjettavvika for kvar sektor.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har mindreforbruk i 2020 på 6,7 mill. kroner. Tabellen nedanfor oppsummerer dei største avvika på ansvarsnivå.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SUM SENTRALADMINISTRASJON	52 925 349	59 617 352	-6 692 003	
	POLITISK UTVAL	5 671 151	13 265 119	-7 593 968	
11010	POLITISK STYRING	3 184 744	2 514 353	670 391	Meirforbruk skuldast at lønnsutgifter er 220.000kr høgare enn budsjett, overføringsutgifter er 210.000kr over budsjett, og andre driftsutgifter er 230.000kr over budsjett. Overføringsutgifter gjeld i hovedsak overføringar til politiske parti (som er høgare enn i 2019) og overføring til The Noreth West. Under andre driftsutgifter ligg f.eks møteutgifter, annonseutgifter ol.
11030	REVISJON OG KONTROLLUTVAL	1 024 413	1 123 000	-98 587	Utgift til revisjon og kontrollutval er ca 100.000kr under budsjett
11040	ELDRERÅD	6 027	59 283	-53 256	Mindreforbruk skuldast at møtegodtgjersle (art 10800) er lavere enn budsjettert
11050	RÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA	6 568	39 851	-33 283	Mindreforbruk skuldast at møtegodtgjersle (art 10800) er lavere enn budsjettert
11060	SIVILFORSVAR	1 409 399	81 760	1 327 639	Det som blir budsjettert her og som vanligvis blir ugiftsført her er utgifter til Ålesund kommune til sivilforsvar. Årleg utgift er på rundt 80.000kr. Grunnen til at regnskap er så høgt i 2020 er at det er utgiftsført koronarelaterte utgifter her (smittefrakker, munnbind, hånddesinfeksjon, sperreband osv)
11070	TIL FORMANNSKAPET SIN DISP.	40 000	9 446 872	-9 406 872	Mindreforbruket skuldast i all hovedsak av at lønnsutgiftene blei lavere enn budsjettert.
	RÅDMANN M/STAB	41 124 994	40 362 932	762 062	
11210	RÅDMANN	1 685 774	1 463 218	222 556	Meirforbruk kjem frå art 14900 (reserverte løyvingar/avsetningar). Alle sektorane skulle i 2020 legge inn ei innsparing i sitt budsjett på 0,5%. 233.000kr av denne innsparinga blei fordelt til ansvar 11210. Innsparinga blei lagt på art 14900. Denne skulle fordelast ut på andre ansvar/artar, men det har ikkje blitt gjort.
11220	ØKONOMIAVDELINGA	7 964 906	7 688 351	276 555	Meirforbruk kjem i hovudsak av at lønnsutgiftene er 80.000kr over budsjett og gebyrinntekter er 160.000kr under budsjett. Lønnsutgiftene er høgare enn budsjettert pga overlapp i økonomisjefstillinga. Gebyrinntekter er lavere enn budsjettert pga ferre purringar pga koronasituasjon.
11230	STØTTESTAB	8 835 391	9 607 727	-772 336	Lønnsutgiftene er 55.000kr høgere enn budsjettert medan inntekter/refusjonar er 65.000 høgere enn budsjettert, så desse går mot kvarandre. Det som gjer at det er mindreforbruk er at andre driftsutgifter er ca 750.000kr lavere enn budsjett. Postar under andre driftsutgifter som er under budsjett er blant anna opplæring/kurs (art 11500), andre avgifter/gebyrer/lisenser (art 11952), kjøp av andre tenester (art 12700) og overføringar til andre private (art 14700).
11233	HOVUDSTILLITSVALDE	1 204 892	1 120 220	84 672	Meirforbruk skuldast i hovedsak at refusjonar (art 17700) er ca 75.000kr lavere enn budsjett.
11240	SERVICEKONTORET	6 128 062	5 926 931	201 131	Meirforbruk skuldast i hovedsak at andre driftsutgifter er ca 200.000kr over budsjett. Postane under andre driftsutgifter som bidreg mest til meirforbruket er art 11300 Porto som er 92.000kr over budsjett, art 11400 Annonseutgifter som er 64.000kr over budsjett og art 13750 Kjøp frå IKS som er 67.000kr over budsjett.
11241	IKT	14 835 688	13 975 485	860 203	Budsjettavvik skuldast i hovudsak at lisensutgifter og utgifter til eKommune Sunnmøre er høgare enn budsjettert. Oversikt over største budsjettavvik: * Art 11500 Opplæring/kurs er 72.000kr høgare enn budsjettert * Art 11952/11953/16900 Utgifter knytt til lisensar er 515.000kr over budsjett * Art 13500Kjøp frå kommuner er 615.000kr høgare enn budsjett. Dette gjeld kjøp frå eKommune Sunnmøre. * Art 12001 IT-utsyr er 230.000kr under budsjett * Art 12301 Kjøp av vedlikehald er 82.000kr under budsjett.
11242	STARTLÅN OG TILSKOT	470 281	581 000	-110 719	
	OVERF. TIL TRUSSAMFUNN	6 129 204	5 989 301	139 903	
11410	OVERFØRING TIL SOKNERÅDET	4 435 000	4 435 000	0	
11411	TENESTYTING KYRKJE	170 813	260 789	-89 976	
11420	TILSKOTT TIL TRUSSAMFUNN	782 496	667 619	114 877	Tilskot til andre trussamfunn blei høgare enn budsjettert. Frå 2021 er staten som skal stå for overføringa til andre trussamfunn.
11430	GRAVSTADER	740 895	625 893	115 002	

Oppvekst

Oppvekst har eit mindreforbruk i 2020 på 0,5 mill. kroner.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SUM OPPVEKST	258 120 392	258 593 251	-472 859	
	ADMIN. OG FELLESUTGIFTER	9 057 792	7 662 280	1 395 512	
21010	OPPVEKST UTVALET	86 218	84 266	1 952	
21020	ADMINISTRASJON OPPVEKST	1 369 404	2 007 493	-638 089	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at opplæring/kurs er 616.000kr under budsjett.
					Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgift 450.000kr over budsjett. Gjeld utbetaling av honorarer * Kurs (art 11500) er 600.000 over budsjett. Mykje av det som er ført her er utgifter til vidareutdanning for lærarar. Denne må sjåast i samanheng med refusjon frå staten (art 17000) der Sula kommune bokfører refusjon knytta til vidareutdanning. * Kjøp frå kommuner (art 13500) er 1,7 mill over budsjett. Dette gjeld fakt. frå andre kommuner for undervisning for elevar heimehøyrende i Sula. * Refusjon frå staten (art 17000) er 1,2 mill over budsjett * Refusjon frå kommuner (art 17500) er 320.000kr over budsjett
22110	FELLES UNDERV. KONTO	6 603 785	5 407 521	1 196 264	Meirforbruk gjeld internoverføring til skulane (SFO) for tapt foreldrebetaling pga korona-stenging. Total utbetaling til SFO og til kommunale og private barnehagar for tapt foreldrebetaling er på ca 3,3 mill. Sula kommune får dekt ca 2 mill gjennom auka rammetilskot. Rammetilskotet blir inntektsført "sentralt" for kommuna.
22120	FELLES SFO KONTO	998 385	163 000	835 385	
	SOLEVÅG SKULE UNDERV.	20 571 439	18 565 361	2 006 078	
					Budsjettavvik kjem i hovudsak av at: * Lønnsutgiftene pr august er 2,8 mill høgare enn budsjett. Lønnsutgiftene på Solevåg skule er i gjennomsnitt 235.00kr over budsjett kvar måned. Totale lønnsutgifter i 2020 er på nivå med 2019 (19,8 mill i 2020 mot 19,5 mill i 2019). Grunnen til at budsjettavviket har blitt større enn i 2019 er at budsjettet til Solevåg skule er lavere i 2020 enn i 2019. * Andre driftsutgifter er 300.000kr under budsjett. Det er spesielt kjøp av lærebøker (art 11051) som bidreg mest til mindreforbruket på andre driftsutgifter. Den er 224.000kr under budsjett pr august. * Refusjoner frå kommuner (art 17500) er 400.000kr høgare enn budsjett. Dette er med på å redusere meirforbruket.
22210	SOLEVÅG SKULE UNDERV.	20 200 186	18 100 885	2 099 301	
22220	SOLEVÅG SFO	371 253	464 476	-93 223	Lønnsutgiftene er 260.000kr over budsjett. SFO-inntektene er 285.000kr over budsjett og andre driftsutgifter er 68.000kr under budsjett. I sum gir dette eit mindreforbruk på 93.000kr.
	MÅSEIDE SKULE	9 291 866	9 185 055	106 811	
22310	MÅSEIDE SKULE UNDERV.	8 764 956	8 211 190	553 766	Meirforbruket kjem av at lønnsutgiftene er 680.000kr over budsjett. Det som dreg ned meirforbruket er refusjon frå staten (art 17000) som er 105.000kr over budsjett. Dette gjeld refusjon i forbindelse med vidareutdanning
22320	MÅSEIDE SFO	526 910	973 865	-446 955	Mindreforbruket kjem av at lønnsutgiftene er 603.000kr under budsjett. Det som dreg ned mindreforbruket er SFO-inntektene som er 134.000kr under budsjett.
	FISKERSTRAND SKULE	12 343 653	12 298 619	45 034	
22410	FISKARSTRAND SKULE UNDERV.	11 711 203	11 548 196	163 007	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgifter er 129.000kr over budsjett. * Andre driftsutgifter er 145.000kr under budsjett. Posten som bidreg mest her er lærebøker (art 11051) som er 81.000kr under budsjett. * Refusjoner frå staten (art 17000) er 204.000kr høgere enn budsjettet. Dette gjeld refusjon i forbindelse med vidareutdanning. * 17500 Refusjoner frå kommuner (art 17500) er 416.000kr under budsjett.
22420	FISKARSTRAND SFO	632 450	750 423	-117 973	Lønnsutgiftene er 251.000kr under budsjett. SFO-inntektene er 127.000kr under budsjett.
	LANGEVÅG SKULE	37 600 282	37 659 281	-58 999	
22510	LANGEVÅG SKULE UNDERV.	37 232 682	36 357 204	875 478	Budsjettavvik kjem i hovudsak av: * Lønnsutgiftene er 2,3 mill over budsjett * Andre driftsutgifter er 1,1 mill under budsjett. Artane som bidreg mest til mindreforbruket er lærebøker (art 11051) som er 775.000kr under budsjett, og forbruksmateriell (art 11052) som er 242.000kr under budsjett. * Refusjon frå staten (art 17000) er 168.000kr over budsjett. Dette gjeld tilskot frå NAV. * Refusjon frå kommuner (art 17500) er 218.000kr over budsjett.
22520	LANGEVÅG SFO	367 600	1 302 077	-934 477	Mindreforbruket kjem av at lønnsutgiftene er 1,1 mill under budsjett og at refusjon frå staten (art 17000) er 65.000kr høgare enn budsjett (tilskot frå NAV). Det som dreg ned mindreforbruket er SFO-inntektene som er 254.000kr under budsjett.
22710	SULA UNGDOMSSKULE	33 382 633	33 637 067	-254 434	Budsjettavvik kjem i hovudsak av: * Lønnsutgiftene er 500.000kr under budsjett. * Lærebøker (art 11051) er 352.000kr under budsjett * Refusjonar (sum refusjon frå staten, refusjon frå kommuner og refusjon frå private) er ca 220.000kr over budsjett.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
23110	FELLESUTGIFTER BARNEHAGE	2 813 210	982 723	1 830 487	Meirforbruket skuldast i hovudsak opphaldsbetaling (art 16000) der det er utgiftsført 1.012.000kr. Dette gjeld overføring til dei kommunale barnehagane som følgje av tappt foreldrebetaling i mars og april pga korona-stent SFO. Overføring til dei private barnehagane for tappt foreldrebetaling (1.362.000kr) er ført på ansvar "Private barnehagar" Resterande budsjettavvik skuldast: * Kjøp frå kommuner (art 13500) er 208.000kr over budsjett * Overføring til andre private (art 14700) er 505.000kr over budsjett. * Rabatt barnehager (art 14704) er 506.000kr over budsjett * Refusjon frå staten (art 17000) er 500.000kr høgare enn budsjett * Refusjon frå kommuner (art 17500) er 132.000kr høgare enn budsjett * Refusjon frå private (art 17000) er 150.000kr høgare enn budsjettet.
	SUNDE BARNEHAGE	5 501 380	5 637 105	-135 725	
23120	SUNDE BARNEHAGE	5 186 147	5 380 616	-194 469	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgiftene er 122.000kr under budsjett * Andre driftsutgifter er 38.000kr under budsjett * Foreldrebetaling (inkludert overføring frå ansvar 23110 for tappt foreldrebetaling) er 13.000kr over budsjett.
23131	STYRKING SUNDE BARNEHAGE	315 233	256 489	58 744	
	MÅSEIDE BARNEHAGE	9 317 198	9 508 580	-191 382	
23130	MÅSEIDE BARNEHAGE	9 135 185	9 296 291	-161 106	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgifter er 155.000kr under budsjett * Andre driftsutgifter er 66.000kr over budsjett * Refusjon frå fylkeskommunen (art 17300) er 23.000kr over budsjett (tilskot lærlingar). * Refusjon frå kommuner (art 17500) er 27.000kr over budsjett * Refusjon frå private (art 17700) er 51.000kr over budsjett (gjeld fakturering til Høgskulen i Volda for praksis plass)
23131	STYRKING MÅSEIDE BARNEHAGE	182 013	212 289	-30 276	
	LANGEVÅG BARNEHAGE	13 923 765	14 697 979	-774 214	
23150	LANGEVÅG BARNEHAGE	13 491 627	14 271 648	-780 021	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgifter er 653.000kr under budsjett. * Andre driftsutgifter er 95.000kr under budsjett. Dette kjem i hovudsak av at kjøp av matvarer (art 11150) er 90.000kr under budsjett. * Foreldrebetaling (inkludert overføring frå ansvar 23110 for tappt foreldrebetaling) er ca akkurat som budsjettet
23151	STYRKING LANGEVÅG BARNEHAGE	432 138	426 331	5 807	
	MOLVÆR BARNEHAGE	9 606 947	10 005 020	-398 073	
23160	MOLVÆR BARNEHAGE	9 092 196	9 485 443	-393 247	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgifter er 79.000kr under budsjett * Andre driftsutgifter er 78.000kr under budsjett. Dette kjem i hovudsak av at kjøp av matvarer (art 11150) er 64.000kr under budsjett. * Foreldrebetaling (inkludert overføring frå ansvar 23110 for tappt foreldrebetaling) er 141.000kr over budsjett. * Refusjonar frå stat og fylkeskommune er 94.000kr over budsjett.
23161	STYRKING MOLVÆR BARNEHAGE	514 751	519 577	-4 826	
23210	PRIVATE BARNEHAGAR	51 626 604	55 138 964	-3 512 360	Mindreforbruk skuldast ferre barn i private barnehager enn budsjettet, samt at det er fleire Ålesund-barn i private barnehagar i Sula enn budsjettet og ferre Sula-barn i Ålesund enn budsjettet. Tilskot pr barn under 3 år er på ca 220.000kr og tilskot på barn over 3 år er ca 110.000kr pr barn. Nokre få barn til eller frå får derfor stor beløpsmessig betydning, så denne budsjettposten er vanskelig å budsjettere nøyaktig.
	VAKSEN OPPLÆRING	3 068 138	2 387 688	680 450	
24010	VAKSEN OPPLÆRING -REHAB/HAB	1 880 089	2 331 743	-451 654	Mindreforbruk kjem av at lønnsutgifter er 302.000kr under budsjett og at refusjon frå staten er 304.000kr over budsjett. Det som dreg ned mindreforbruket er at andre driftsutgifter er 154.000kr over budsjett.
24020	OPPLÆRING INVANDARAR	805 107	-218 973	1 024 080	Meirforbruk kjem av at kjøp frå kommuner og overføringar til kommunar (art 13500 og 14500) til saman er ca 700.000kr over budsjett, samt at refusjonar frå staten er 315.000kr under budsjett.
24030	GRUNNSKULE VAKSNE OPPL	382 942	274 918	108 024	Meirforbruk kjem av at kjøp frå kommuner (art 13500) er over budsjett.
	TBU	40 015 485	41 227 529	-1 212 044	Totalt sett for TBU er det eit mindreforbruk på 1,2 mill. TBU har ein del prosjekter der over- eller underskot blir regulert mot bruk eller avsetning til bundne driftsfond. Held vi resultatstørrelsane frå desse prosjekta utanom så kan totalt meirforbruk for TBU i hovudsak forklarast med at lønnsutgiftene er 762.000kr under budsjett og at diverse refusjonar (frå stat, kommune og private) er 566.000kr høgare enn budsjett.
25100	FELLES TBU	1 227 222	1 196 250	30 972	
25110	PPT	5 687 900	6 301 679	-613 779	
25120	SPESPED. HJELP. BHG	3 956 809	3 881 052	75 757	
25121	STYRKA BARNEHAGETILBOD	1 637 555	1 528 010	109 545	
25122	STYRKA BHG. TOSPRÅK	0	0	0	
25130	HELSESTASJON	6 401 159	7 210 812	-809 653	
25140	BARNEVERN	20 457 238	20 250 968	206 270	
25150	BUFELLESKAPET EM	647 602	858 758	-211 156	

Helse og sosial

Helse og sosial har eit meirforbruk i 2020 på 8,2 mill. kroner.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SUM HELSE OG SOSIAL	253 916 507	245 735 731	8 180 776	
	ADMIN. OG FELLESGIFTER	2 338 889	3 013 392	-674 503	
30110	HELSE OG SOSIAL UTVALET	105 132	97 839	7 293	
30120	ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL	1 348 261	1 634 254	-285 993	Mindreforbruk kjem av at det på art 14900 (Reserverte løyvingar) ligg 300.000kr i budsjett.
30125	TILSKOT VTA-BEDRIFTER	1 095 978	1 281 299	-185 321	Tilskot til Sula Bedriftsteneste er mindre enn budsjettet. Dei siste åra har dei ofte søkt om ekstraordinært tilskot. Det har dei ikkje gjort i 2020.
30130	ALKOHOLOMSETTING - LØYVER OG K	-129 373	0	-129 373	Mindreforbruk kjem av inntektsføring av diverse avgifter og gebyrer (art 16220)
30160	FELLESPOST FAGUTVIKLING	-81 109	0	-81 109	
	HELSEAVDELINGA	19 322 719	19 416 198	-93 479	
30210	SAMF. MEDISIN OPPGÅVER	668 052	298 189	369 863	Meirforbruk skuldast ekstra lønnskostander pga korona (ført på prosjektkode for koronautgifter).
30220	LEGETENESTA	14 779 538	14 649 395	130 143	Meirforbruk skuldast ekstra lønnskostander pga korona (ført på prosjektkode for koronautgifter).
30250	REHABILITERING	3 875 129	4 468 614	-593 485	Mindreforbruk skuldast at lønnsutgiftene er 204.000kr under budsjett, at andre driftsutgifter er 105.000kr under budsjett og at refusjonar frå stat, fylkeskommune og private er 284.000kr over budsjett. (I desse tala har vi tatt bort utgifter til prosjekt aktivitet for eldre. Dette fordi desse blir dekt av tilskot og bruk/avsetning mot bundet driftsfond)
	NAV	11 856 031	14 909 110	-3 053 079	
30310	NAV KOMMUNE	4 644 445	4 595 707	48 738	
30320	ØKONOMISK SOSIALHJELP	816 062	602 600	213 462	Meirforbruk kan i stor grad forklarast med ekstra overføringsutgifter som følge av korona. Desse utgiftene er ført på prosjektkode for korona.
30340	KVALIFISERINGSORDNINGA	588 419	550 000	38 419	
30350	INTEGRERINGSTENESTE FLYKTNINGA	5 807 105	9 160 803	-3 353 698	Budsjettavvik pr august skuldast i hovudsak: * Lønnsutgifter er 738.000kr under budsjett * Kjøp frå (art 13500) og overføringer til kommuner (art 14500) er til saman 2,5 mill under budsjett * Refusjon frå staten (art 17000) er 109.000kr over budsjett * Refusjon frå private (art 17700) er 65.000kr over budsjett-
	SULATUNET	42 864 420	43 679 583	-815 163	
35510	ADM. FELLES OMSORG	3 542 338	3 688 560	-146 222	Mindreforbruk skuldast i hovudsak av at andre driftsutgifter er under budsjett. Posten under andre driftsutgifter som bidreg mes til mindreforbruket er kurs/opplæring (art 11500) som er 154.000kr under budsjett.
35520	FELLES DRIFT SULATUNET	2 477 696	2 597 848	-120 152	
